

# Studieplan for Masterstudium i norsk i skolen, heltid (120 studiepoeng) (2019–2021)

## Fakta om programmet

**Studiepoeng:** 120

**Studiets varighet:** 2 år

**Undervisningsspråk:** Sepkt. Undervisnings-, lærings- og vurderingsformer

**Studiested:** Halden

## Innholdsfortegnelse

- Informasjon om studiet
- Hva lærer du?
- Opptak
- Oppbygging og gjennomføring
- Studieopphold i utlandet
- Jobb og videre studier
- Studieplanen er godkjent og revidert
- Studiemodell

## Informasjon om studiet

Studiet kan takast som ei separat masterutdanning på 120 studiepoeng eller som ein del av grunnskolelærerutdanninga, som bygger på nasjonale retningslinjer for grunnskolelærerutdanning, fastsett av Kunnskapsdepartementet i forskrift om rammeplan for grunnskolelærerutdanningene for 1.-7. trinn og 5.-10. trinn (20.01.2010).

Studentar som har fått opptak til masterstudiet og har gjennomført tre år av fireårig Grunnskolelærerutdanning 1.-7. trinn eller Grunnskolelærerutdanning 5.-10. trinn etter rammeplanen av 2010, kan søke om å få dei første 60 studiepoenga i masterstudiet innpassa som det fjerde året i grunnskolelærerutdanninga (GLU). Studentar som tar det første året i masterstudiet som det fjerde året i lærarutdanninga, må samtidig følge aktuell studieplan for GLU og vil vere garantert praksisplass. Under føresetnad av at fagkombinasjonar og praksiskrav for GLU er godkjende, vil kandidaten få vitnemål som grunnskolelærer.

Etter greidd masterstudium vil kandidaten i tillegg få ein mastergrad.

Sjå meir informasjon under punktet *Vidare utdanning og yrkesmoglegheiter*.

### Politiattest/barneomsorgsattest

Det blir ikkje stilt allmenne krav til innlevering av politiattest (barneomsorgsattest) på studiet. Dersom studenten vel oppgåver/prosjekt der ho/han kan komme i kontakt med særleg sårbare grupper, kan høgskolen likevel krevje at slik attest blir levert. Avklaring og eventuell levering av attest må skjefør oppgåva/prosjektet begynner.

# Hva lærer du?

## Grad/tittel ved bestått studium

Gjennomført og greidd masterstudium gir rett til graden Master i norsk i skolen.

For studentar som også tar studiet som del av ei grunnskolelærerutdanning, sjå pkt. Informasjon om studiet og pkt. Praksis for meir informasjon.

## Studiets læringsutbytte

Kunnskapar

Kandidaten

- har inngåande kunnskap om literacy, om utvikling av lesing, skriving og munnlege ferdigheiter, og om forholdet mellom munnleg og skriftleg språkbruk
- har inngåande kunnskap om barn og ungesinetekstkulturar og om multimodalitet, og kunnskap om sentrale teoriar om skjønnlitterære tekster og sakprosa tekster
- har avansert kunnskap om fleispråklegheit, minoritetsspråk og majoritetsspråk og norsk som andrespråk i skolen
- har inngåande kunnskap om vitenskaplege problemstillingar, forskningsteoriar og metodar i norskfaglege og norskdidaktiske spørsmål
- har inngåande kunnskap om talespråksvariasjon og sosiolingvistisk teori, med utgangspunkt i språklege forhold i Noreg og Norden

Ferdigheiter

Kandidaten

- kan vurdere og drøfte teoriar om språk, språklæring og fleispråklegheit og relatere dette til språkleg variasjon i klasserommet
- kan bruke teoriar om tekst og sjanger, identitet og danning i arbeid med å analysere og vurdere skriftlege, munnlege og multimodale tekster
- kan gjennomføre eit eige forskingsprosjekt i tråd med forskningsetiske retningslinjer og skrive vitenskapleg innanfor norskfaglege og norskdidaktiske rammer
- kan kritisk vurdere og bruke ulike kunnskapskjelder til å strukturere og formulere faglege resonnement

Generell kompetanse

Kandidaten

- kan reflektere teoribasert og kritisk over norskundervisning, over rolla som norsk lærar og sjølv bidra til nytenking og vidareutvikling av fagfeltet
- kan delta i norskfaglege og norskdidaktiske diskursar med fagleg tyngd, og kan kommunisere med både fagspesialistar, lærarar, foreldre og allmenta om faglege spørsmål
- meistrar akademisk skriving på nynorsk og bokmål

## Opptak

Minstekrav for opptak er ett av følgende:

1) Bachelor eller tilsvarende utdanning på minimum 180 studiepoeng, og inkludert eller i tillegg en fordypning på minimum 80 studiepoeng i norsk/nordisk språk og litteratur, norskdidaktikk eller norsk som andrespråk.

eller

2) Bestått de første tre årene av fireårig grunnskole-/allmennlærerutdanning, eller annen lærerutdanning rettet mot skole på minimum 180 studiepoeng, og inkludert eller i tillegg 60 studiepoeng i norsk/nordisk språk og litteratur, norskdidaktikk eller norsk som andrespråk.

Det er krav om karakteren C eller bedre i gjennomsnitt fra fordypningen i norsk/nordisk språk og litteratur, norskdidaktikk eller norsk som andrespråk.

## Oppbygging og gjennomføring

### Studiets oppbygging og innhold

Masterstudium i norsk i skolen består av fem obligatoriske emner på 15 studiepoeng kvar, i tillegg til ei avsluttande masteroppgåve på 45 studiepoeng:

- NOR401 Lesing, skriving og munnlegheit (1. semester)
- NOR402 Vitskapsteori og forskingsmetode (2. semester)
- NOR403 Språk og samfunn (1. semester)
- NOR404 Fleispråklegheit (2. semester)
- NOR405 Tekst og tekstkulturar (3. semester)
- NOR406 Masteroppgåve (3.-4. semester)

Den overordna profilen til studiet er språkleg variasjon i klasserommet. Dei sentrale faglege områda som studiet vil dekke, er literacy, fleispråklegheit og talemålsvariasjon. Vi studerer talespråksvariasjon både i og mellom ulike språk og dialekter, vi studerer skriftspråkleg variasjon gjennom ulike teksttypar og tekstkulturar, og vi studerer forholdet mellom tale og skrift.

Dei tre hovudområda rommar viktige kunnskapar og ferdigheiter kvar for seg, men kan også gi synergjar i kombinasjon. Seinare forskning peikar nokså eintydig i retning av at språkleg mangfald er eit gode og ein ressurs for språkbrukaren, blant anna at det kan ha god effekt på utviklinga av ferdigheiter i lesing, skriving og munnlegheit.

Skjønnlitteraturen i studiet vil vere tematisk knytt til den språklege hovudprofilen. Vi vil i liten grad komme inn på språkhistorie og litteraturhistorie, men tekst har ein sentral plass, og dermed dekker studiet store delar av skolefaget norsk. Som masterstudium vil studiet også vere ein del av forskingsfaget norsk/nordisk. Det vil vere ei gjennomgåande vitskapleg og kritisk tilnærming til stoffet, og djupdykk i sentrale teoriar og problemstillingar innanfor dei faglege hovudområda i studiet.

I emnet NOR401 Lesing, skriving og munnlegheit, vil literacy-omgrepet bli drøfta, og utvikling av og arbeid med dei tre språklege ferdigheitene står sentralt. Emnet dannar eit viktig grunnlag for andre emne i studiet.

Emnet NOR402 Vitskapsteori og forskingsmetode behandlar både generelle og meir fagspesifikke vitskapsteoretiske og metodiske spørsmål.

I emnet NOR403 Språk og samfunn vil talespråksvariasjon og språkhaldningar bli sett i eit regionalt og i eit større, nordisk perspektiv. Emnet gir avansert kunnskap om sosiolingvistisk teori, med spesielt fokus på identitet og stad.

Emnet NOR404 Fleispråklegheit omhandlar fleispråklegheit og andrespråksutvikling. Ulike typar fleispråklegheit og korleis språkleg mangfald kan vere ein ressurs i klasserommet, vil bli tematisert. I emnet får studentane avansert teoretisk kunnskap som kan brukast til å analysere munnlege og skriftlege tekster av barn og ungesom har norsk som andrespråk.

I emnet NOR405 Tekst og tekstkulturar står analyse av tekst i ulike sjangrar og medium sentralt. Skjønnlitteraturen i dette emnet er tematisk knytt til kulturmøte, fleispråklegheit og språk og identitet.

Masteroppgåva (NOR406) er på 45 studiepoeng og skal vere eit sjølvstendig, individuelt, skriftleg arbeid. Oppgåva skal ha ei vitenskapleg tilnærming til eit norskfagleg emne med relevans for arbeidet som norsk lærar. Ho inneber arbeid med ei avgrensa problemstilling og gir rom for teoretisk og metodisk fordjuping. Tema for oppgåva blir valt i samråd med rettleiar.

Ein må ha fullført NOR401 Lesing, skriving og munnlegheit før ein begynner på NOR405 Tekst og tekstkultur. Alle dei fem første emna i Masterstudium i norsk i skolen må vere greidd før masteroppgåva kan leverast til vurdering. Studiemodellen under viser progresjonen i studiet for heiltid.

Skoleperspektivet i studiet inneber at vi nokre gonger tilnærmar oss stoffet i lys av enkeltelevar og andre gonger i lys av miljøet rundt dei, og forholdet mellom dei ulike perspektiva kan variere etter tema. I nokre emne er individperspektivet tydelegast (t.d. NOR404), mens samfunnsperspektivet er det overordna i NOR403. Innanfor nokre tema vil dei to tilnærmingssåttane henges spesielt tett saman (t.d. i NOR405).

## Undervisnings-, lærings- og vurderingsformer

### Undervisning og arbeidsformer

Studiet er lagt opp slik at heiltidsstudentar har undervisning på 2-dagarssamlingar om lag annakvar veke. Dei vekene det ikkje er undervisning vil vi legge opp til aktivitetar via læringsplattformer på nett og/eller kollokviearbeid for studentane på campus eller digitalt. Totalt blir det forventa eit arbeidsomfang på ca. 400 timar per 15 studiepoeng.

Det blir lagt vekt på at fagstoffet og arbeidsmåttane skal gi studentane avansert innsikt som kan leggje grunnlag for å utvikle god undervisningspraksis og evne til å bidra med vidareutvikling av norskfaget i skolen. Studiet vil innehalde varierte og studentaktive arbeidsformer, blant anna forelesingar, gruppearbeid og plenumdiskusjonar, munnlege presentasjonar, små og større skriveoppgåver med ulike typar respons og feltarbeid eller analysar av ulike typar data materiale. Sjølvstudium og arbeid i kollokvium er også sentrale arbeidsformer.

### Arbeidskrav

Alle emna har skriftlege og/eller munnlege arbeidskrav som må vere godkjende av faglærer før studenten kan gå opp til eksamen. Sjå emneplanane for detaljar. I samband med dei skriftlege arbeidskrava vil det bli arbeidd kontinuerleg med akademisk skriving og ulike vitenskaplege sjangrar.

Undervisninga vil primært foregå på norsk eller andreskandinaviske språk.

### Tilbakemelding undervegs

Det blir gitt tilbakemelding på skriftlege og munnlege arbeidskrav på alle emna frå lærar og/eller medstudenter. I samband med masteroppgåva blir det også gitt inntil 15 timar rettleiing. Eit minimum med rettleiing på masteroppgåva er obligatorisk, sjå emnebeskrivinga.

Elles blir det gjennom heile studiet lagt opp til tett samarbeid studentane imellom og mellom studentar og lærarar, både i og utanfor undervisninga. Tilbakemelding på ulike typar arbeid vil vere ein del av dette samarbeidet.

### Vurdering

For alle emna er det eitt eller fleire arbeidskrav som må vere godkjende av faglærer før studenten kan gå opp til eksamen.

Gjennom studiet er det ulike eksamenformer, både munnlege og skriftlege, men alle individuelle. Sjå under beskrivinga av dei ulike emna. Eksamen blir vurdert på skalaen A-F, der A er best og E dårlegast. F er ikkje bestått. Alle emna blir sensurert av intern og ekstern sensor.

Målform på skriftlege eksamenar og arbeidskrav er bokmål eller nynorsk. Dette er spesifisert i emnebeskrivingane.

### Plagiatkontroll

Alle skriftlege arbeidskrav og eksamenssvar kan bli plagiatkontrollert. Masteroppgåver skal til elektronisk plagiatkontroll. Plagiering og avskrift av faglitteratur og andreskriftleg arbeid utan korrekt bruk av referansar/kjelder vil bli vurdert som forsøk på fusk. Sjå også forskrift om eksamen og studierett ved Høgskolen i Østfold.

## Praksis

Det er ikkje obligatorisk praksis i masterstudiet.

Grunnskolelærarstudentar som søker seg over på masterstudiet etter tredje studieår, og som ønsker vitnemål som grunnskolelærar i tillegg til ein mastergrad, skal gjennomføre den praksisen dei manglar for å oppfylle kravet om rettleidd praksis i rammeplanen for GLU 1.-7. trinn eller GLU 5.-10. trinn. Denne praksisen skal normalt gjennomførast i løpet av det første året på masterstudiet, og studentane vil da vere sikra praksisplass.

## Forsknings- og utviklingsarbeid

Studiet er knytt nært opp mot forskingsprosjekt og forskargrupper ved Avdeling for lærarutdanning, fagseksjon for norsk, og det er eit mål at alle studentar på studiet skal dra nytte av dette. Dette kan vere gjennom observasjonar av feltarbeid, deltaking på lokale vitenskaplege konferansar og seminar, bruk av relevant datamateriale som allereie er samla inn, eller faglege diskusjonar med andre deltakarar i forskingsprosjekta.

I løpet av studiet skal studentane også gjennomføre eige forskingsarbeid, først og fremst i masteroppgåva.

## Internasjonalisering

Det internasjonale aspektet vil også bli tatt vare på med nordisk og internasjonal litteratur på pensum, utanlandske gjesteforelesarar og tilbod om studieturar. Komparative perspektiv står sentralt, aller mest innanfor tema som fleispråklegheit og internordisk språkforståing.

Enkeltemne på Masterstudium i norsk i skolen er opne for innvekslingsstudentar som oppfyller minstekrava til opptak. Dei mest aktuelle emne er *NOR402 Vitskapsteori og forskingsmetode* (15 studiepoeng) og *NOR404 Fleispråklegheit* (15 studiepoeng), som begge går i vårsemesteret.

## Evaluering av studiet

For å kunne tilby ei aktuell og relevant utdanning med god kvalitet, er vi avhengige av tilbakemeldingar frå studentane, og at studentane deltar i evaluering av studia. Dette studieprogrammet blir jamleg evaluert for å sikre og utvikle kvaliteten i programmet:

NOKUT gjennomfører kvart år ei nasjonal studentundersøking blant 2. årsstudentar på alle bachelor- og masterprogram, i regi av NOKUT (nasjonalt organ for kvalitet i utdanningen). Resultata frå undersøkinga blir publisert i portalen [Studiebarometeret.no](http://Studiebarometeret.no).

Høgskolen gjennomfører periodisk programevaluering av studieprogram.

Kvart enkelt fagmiljø har ansvar for å etablere faste og allment kjende evalueringsrutinar på emnenivå (kalla EVA3). Sjå emnebeskrivingane for detaljar.

## Litteratur

Litteraturen er på norsk, engelsk, svensk og dansk.

I enkelte emne er det lagt opp til eit valfritt pensum, som kan vere spesielt knytt til det skoletrinnet studenten rettar seg inn mot etter avslutta studium.

Sjå ellesom tala av dei ulike emne i studieprogrammet.

Litteraturlister som er publiserte for emne fram i tid, kan bli oppdaterte før kvart semester. Oppdatert litteraturliste vil vere tilgjengeleg i emnebeskrivinga ved semesterstart.

# Studieopphold i utlandet

Høgskolen i Østfold har utvekslingsavtaler med Göteborgs universitet, Sverige, og Pädagogische Hochschule Heidelberg, Tyskland.

For heiltidsstudentar er det lagt opp til mogleg utanlandsopphald i 2. semester, primært til eit nordiskspråkleg studieprogram. Det er også mogleg å gjere deler av masteroppgåva hos ein partnerinstitusjon. Kontakt studieleiaren for meir informasjon.

Emnet/emna som studenten ønsker å følge under utanlandsopphald, skal godkjennast på førehand for innpassing i studieprogrammet.

## Jobb og videre studier

Masterstudiet Norsk i skolen er primært retta mot arbeid som norsklærer i grunnskolen (1.-10. trinn), men studiet er relevant for norskundervisning i heile grunnopplæringa (1.-13. trinn), og i andre yrke med behov for tilsvarende kompetanse.

Kandidatar som både har godkjend lærarutdanning og godkjend mastergrad, kan få tittelen lektor.

Oppnådd mastergrad vil også kunne kvalifisere for vidare studium til doktorgrad ved til dømes *ph.d. i utdanningsvitenskap for lærerutdanning* ved OsloMet eller *ph.d. i profesjonsrettete lærerutdanningsfag* ved Høgskolen i Innlandet.

## Studieplanen er godkjent og revidert

### Studieplanen er godkjent

Studiet er akkreditert av Nasjonalt råd for kvalitet i utdanningen (NOKUT), 11.02.2016. Studieplanen er godkjend av dekan Unni Hagen, Avdeling for lærerutdanning, 09.01.2017.

### Studieplanen er revidert

Studieleder Lin Sandhaug Ramberg, 6. februar 2019

### Studieplanen gjelder for

Høst 2019

### Studieprogramansvarlig

Fakultet for lærerutdanning og språk.  
Førsteamanuensis Åshild Søfteland

## Studiemodell

Denne studiemodellen har en ny utforming. [Fortell oss hva du synes om den](#)

Høst 2019

## Obligatoriske emner

LUMNOR40117 Lesing, skriving og munnlegheit	15 stp
LUMNOR40317 Språk og samfunn	15 stp

## Vår 2020

### Obligatoriske emner

LUMNOR40217 Vitska psteori og forskingsmetode	15 stp
LUMNOR40417 Flerspråklegheit	15 stp

## Høst 2020

### Obligatoriske emner

LUMNOR40517 Tekst og tekstkultura r	15 stp
LUMNOR40617 · Del 1 av 2 Masteroppgåve	

## Vår 2021

### Obligatoriske emner

LUMNOR40617 · Del 2 av 2 Masteroppgåve	45 stp
---	--------

# LUMNOR40117 Lesing, skriving og munnlegheit (Høst 2019)

## Fakta om emnet

**Studiepoeng:** 15

**Ansvarlig avdeling:** Fakultet for lærerutdanninger og språk

**Studiested:** Halden

**Undervisningsspråk:** Norsk

**Varighet:** ½ år

## Innholdsfortegnelse

- Emnet er tilknyttet følgende studieprogram
- Undervisningssemester
- Studentens læringsutbytte etter bestått emne
- Innhold
- Undervisnings- og læringsformer
- Arbeidsomfang
- Praksis
- Arbeidskrav - vilkår for å avlegge eksamen
- Eksamen
- Sensorordning
- Evaluering av emnet
- Litteratur

## Emnet er tilknyttet følgende studieprogram

Obligatorisk emne i Masterstudium i norsk i skolen (120 studiepoeng) (heiltid og deltid).

Masterstudentar som har greidd trestudieår i 4-årig grunnskolelærerutdanning (GLU), etter rammeplan av 2010, kan søke om å få emnet innpassa som fjerde studieår og del av vitnemålsgrunnlaget for GLU etter nærare retningslinjer.

## Undervisningssemester

Heiltid: 1. semester (haust)

Deltid: 1. semester (haust)

## Studentens læringsutbytte etter bestått emne



## Kunnskap

Kandidaten

- har avansert forståing av literacy-om grepet og kan sjå dette i eit tverrfagleg skoleperspektiv
- har inngåande og forskningsbasert kunnskap om utvikling av lese- og skrivekompetanse, og om vurdering og prøving av slik kompetanse
- har god kunnskap om retorikk og om kva som kjenneteiknar munnleg språkbruk i ulike situasjonar
- har avansert kunnskap om forholdet mellom skriftspråk og talespråk og om karakteristiske trekk ved skriftleg og munnleg kommunikasjon

## Ferdigheiter

Kandidaten

- kan reflektere over korleis forskningsbasert kunnskap kan brukast i arbeidet med lese- og skriveopplæring
- kan drøfte korleis det kan leggast til rette for utvikling av lesekompetanse knytt til eit breitt spekter av tekster, blant anna læreboktekster og andre typar multimodale tekster
- kan reflektere over korleis kunnskapar om likskapar og forskjellar mellom tale- og skriftspråk kan bidra til å gi god undervisning i skriftleg og munnleg bruk av språket
- kan drøfte korleis arbeid med både nynorsk og bokmål i skolen kan vere ein ressurs i utviklinga av språkleg kompetanse

## Generell kompetanse

Kandidaten

- kan sjå betydninga av å utvikle lesing, skrivning og munnleg bruk av språket for den enkelte eleven og for samfunnet
- kan sjå samanhengen mellom gode kunnskapar i lesing og skrivning og demokrati og deltaking

## Innhold

Emnet *Lesing, skrivning og munnlegheit* tar utgangspunkt i ei fagleg drøfting av det mangefasetterte omgrepet literacy. Om grepet vil bli behandla både i eit skole- og undervisningsperspektiv og i eit vidare samfunnsperspektiv, og det vil bli sett inn i ein norskfagleg samanheng.

Det vil vere ei forskningsbasert tilnærming til lese-, skrive- og munnlegopplæring, og drøftingar av korleis ny kunnskap innanfor dette feltet kan brukast i praksis. Lesing og skrivning vil også bli tematisert i ein spesifikt norskspråkleg kontekst, med nynorsk og bokmål som jamstilte skriftspråk og opplæringsspråk i skolen.

Forholdet mellom skriftspråk og talespråk og karakteristiske trekk ved skriftleg og munnleg kommunikasjon vil også bli behandla.

*Lesing, skrivning og munnlegheit* vil vere eit fagleg grunnlag for arbeidet med andre emne i masterstudiet.

Arbeidet med ei fagtekst er sentralt i emnet. I denne fagteksta kan studentane velje å konsentrere seg om det skoletrinnet dei rettar seg inn mot etter avslutta studium.

## Undervisnings- og læringsformer

Det vil bli lagt opp til varierte undervisningsformer:

- forelesingar
- gruppearbeid
- seminar med munnlege presentasjonar og tilbakemelding frå lærar og medstudentar

- sjølvstudium og arbeid i kollokvegrupper

## Arbeidsomfang

Emnet har eit forventet arbeidsomfang på om lag 400 timar.

## Praksis

Det er ikkje knytt praksis til dette emnet.

Masterstudentar som vil ha emnet innpassa som del av siste år i 4-årig grunnskolelærerutdanning, skal ha praksis i samsvar med rammeplanen for GLU.

## Arbeidskrav - vilkår for å avlegge eksamen

1. Individuell, munnleg presentasjon av utkast til fagtekst på eit fagseminar. Utkastet skal vere grunnlag for arbeidskrav 2.
2. Levere ei individuell fagtekst etter vanlege normer for fagtekster til fastsett tid. Omfang: 8-10 sider, eksklusiv litteraturliste. Målform: nynorsk.

Studenten vil få rettleiing og tilbakemelding frå faglærer og/eller medstudentar i arbeidet med den obligatoriske fagteksten.

Arbeidskrava må vere godkjende før studenten kan framstille seg til eksamen

## Eksamen

### Individuell, munnleg eksamen

Eksamen varer i om lag 40 minutt.

Eksamen er todelt: Kandidaten skal presentere eit fagleg relevant emne etter eige val. Presentasjonen skal vare i 5-10 minutt. Deretter vil det vere ein samtale om faglege spørsmål mellom kandidaten og sensorane. Både fagkunnskapar og evne til formidling og munnleg kommunikasjon vil bli vurdert.

Karakterregel A-F.

## Sensorordning

Intern og ekstern sensor.

## Evaluering av emnet

Tilbakemelding frå studentane midtvegs/undervegs og sluttevaluering.

## Litteratur

Litteraturlista er sist oppdatert 30. mai 2019.

Bøker

Bakken, Jonas (2009). Retorikk i skolen. Oslo: Universitetsforlaget ISBN 978-82-15-01519-4

Bråten, Ivar (Red.) (2007). Leseforståelse: Lesing i kunnskapssamfunnet – teori og praksis. Oslo: Cappelen Akademisk. ISBN 9788202261757. Kap. 2, 3 og 10 (77 sider)

Penne, Sylvi & Hertzberg, Frøydis (2015). Muntligetekster i klasserommet (2. utg.). Oslo: Universitetsforlaget. ISBN 9788215025360. (140 sider)

Pressley, Michael & Allington, Richard L. (2014). Reading instruction that works. The case for balanced teaching. 4th Edition. New York: Guilford Press. (kap. 1, 4 og 5) (147 sider)

Skovholt, Karianne & Veum, Aslaug (2014). Tekstanalyse. Ei innføring. Oslo: Cappelen Damm akademisk. (178 sider)

#### Artiklar og kapittel

Aase, Laila (2012). Skriveprosesser som danning. I Matre, Synnøve, Dagrun K. Sjøhelle & Randi Solheim (red.). Teorier om tekst i møte med skolens lese- og skrivepraksiser. Oslo: Universitetsforlaget. ISBN 978-82-15-02044-0 (s. 48-58) (11 sider) K

Andreassen, Rune & Bråten, Ivar (2010). Examining the prediction of reading comprehension on different multiple-choice tests. Journal of Research in Reading, 33, 263-283 (21 sider) Tilgjengelig fra <http://onlinelibrary.wiley.com/doi/10.1111/j.1467-9817.2009.01413.x/full>

Andreassen, Rune & Bråten, Ivar (2011). Implementation and effects of explicit reading comprehension instruction in fifth-grade classrooms. Learning and Instruction, 21, 520-537 <https://doi.org/10.1016/j.learninstruc.2010.08.003> (19 sider)

Bakken, Jonas og Andersson-Bakken, Emilia (2016). Forståelser av skjønnlitteratur og sakprosa i norskfagets oppgavekultur. I Tidsskriftet Sakprosa vol 8 (3) (36 s.) Tilgjengelig: <https://www.journals.uio.no/index.php/sakprosa/article/view/3669/3552>

Berge, Kjell Lars (2014). Å kunne uttrykke seg skriftlig. I Stray, Janicke H. & Line Wittek (red.). Pedagogikk – en grunnbok. Oslo: Cappelen Damm Akademisk. (s. 488-502) (14 sider) K

BLIKSTAD-BALAS, Marte (2018). Skrivediskurser i norskfaget - en analyse av hvordan norsklærere snakker om skriving på åttendedetrinn. Nordic Journal of Literacy Research, Vol. 4, pp. 42-60. <http://dx.doi.org/10.23865/njlr.v4.1020> (18s.)

Børresen, Beate (2015). En egen form for samtale. I Christensen, Hanne & Seierstad, Ruth Stokke (Red.) Samtalens didaktiske muligheter. Oslo: Gyldendal Akademisk. ISBN 978-82-05-48265-4 (14 sider). K

Bueie, Agnete (2016). Nyttige og mindre nyttige lærer kommentarer - slik elevene ser det. I Nordic Journal of Literacy Research, vol. 2, pp. 1-28. Tilgjengelig fra <https://nordicliteracy.net/index.php/njlr/article/view/188#alm>

Bueie, Agnete (2017). Å utvikle elevenes revisjonskompetanse. I Kverndokken, Kåre, Askeland, Norunn og Siljan, Henriette Hogga (Red.), Kvalitet og kreativitet i klasserommet – ulike perspektiver på undervisning, s. 71-97. Bergen: Fagbokforlaget. ISBN 978-82-450-2227-8 K

Engblom, Charlotte (2016). Prefabricated Images in Young Children's Text-Making at School. I Designs for Learning, 8(1), s. 37-47 (10 sider), DOI: <http://dx.doi.org/10.16993/dfl.70> Digitalt tilgjengelig

Evensen, Lars S. (2009). Vurdering av elevers skrivekompetanse. En kompleks utfordring. I Haugaløkken, Ove K., Lars S. Evensen, Frøydis Hertzberg & Hildegunn Otnes (red.). Tekstvurdering som didaktisk utfordring. Oslo: Universitetsforlaget. (s. 15-23) (9 sider) K

Flower, Linda og Hayes, John [1981] (1991). En teori om skriving som kognitiv prosess. I Bjørkvold, Eva og Penne, Sylvi (red.) Skriveteori. Oslo: LNU/Cappelen. ISBN 82-02-12831-5 (s. 102-127) K

Frønes, Tove S. (2016). Kap. 7 Resultater i lesing. Kjærnsli, Marit. & Fredrik Jensen. (red.). Stø kurs: Norske elevers kompetanse i naturfag, matematikk og lesing i PISA 2015. Oslo: Universitetsforlaget. Tilgjengelig fra <https://www.idunn.no/sto-kurs-pisa-2015/7-resultater-i-lesing>

Jansson, Benthe K. og Traavik, Hilde (2017). God i både nynorsk og bokmål allereie på barnesteget? I Norsk læreren. Tidsskrift for språk, litteratur og didaktikk. Nr. 1/41. Bergen: LNU/Fagbokforlaget (s. 104-119). Tilgjengelig fra [http://www.norskundervisning.no/wp-content/uploads/2016/02/NL1.2017\\_Jansson\\_Traavik.pdf](http://www.norskundervisning.no/wp-content/uploads/2016/02/NL1.2017_Jansson_Traavik.pdf)

Kjærnsli, Marit. & Fredrik Jensen (2016). Kap. 1 PISA 2015 – gjennomføring og noen sentrale resultater. <https://www.idunn.no/sto-kurs-pisa-2015/1-pisa-2015-gjennomforing-og-noen-sentrale-resultater> I: Kjærnsli, Marit. & Fredrik Jensen (red.). Stø kurs: Norske elevers kompetanse i naturfag, matematikk og lesing i PISA 2015. Oslo: Universitetsforlaget.

Kress, Gunther (2000). Multimodality. I Cope, Bill & Mary Kalantzis (red.). Multiliteracies. Literacy learning and the design of social futures. London/New York: Routledge. (kap. 9) (21 sider). K

Ledin, Per (2015). Listans og tabellens semiotik. I Sakprosa Vol.7 Nr.2 ISSN 1891-5108 (25 sider). Tilgjengelig fra <https://www.journals.uio.no/index.php/sakprosa/article/view/947/986>

Matre, Synnøve og Solheim, Randi (2014). Lærersamtaler om elevtekster – mot eit felles fagspråk om skrivning og vurdering. I Hivstendahl, Rita og Roe, Astrid (red.), Alletiders norskdidaktiker. Festskrift til Frøydis Hertzberg på 70-årsdagen. (s. 219-243). Oslo: Novusforlag. ISBN 978-82-7099-784-8 K

Ongstad, Sigmund (2009). Kan skriveutvikling planlegges? Enkelteven i møte med skolens oppgavekultur. I Haugaløkken, Ove K., Lars S. Evensen, Frøydis Hertzberg & Hildegunn Otnes (red.). Tekstvurdering som didaktisk utfordring. Oslo: Universitetsforlaget. (s. 74-83) (10 sider) K

Otnes, Hildegunn (2014). Å designe skriveoppgaver. I Skaftun, Atle, Per H. Uppstad & Arne J. Aasen (red.). Skriv! Les! 2. Artikler frå den andre nordiske konferansen om skrivning, lesing og literacy. Bergen: Fagbokforlaget. (s. 237-255) (18 sider) K

Roe, Astrid & Svein Lie (2009). Nasjonale leseprøver i et didaktisk og testteoretisk perspektiv. I: S. Dobson, A.B. Eggen & K. Smith (Red.) Vurdering, prinsipper og praksis (s.145-165) Oslo: Gyldendal Akademisk. ISBN 978-82-05-39173-4 (20 sider) K

Skolinspektionen (2011). Lika eller olika? Om rättning av nationella prov i grundskolan och gymnasieskolan. Rapport från regeringsuppdrag, s. 1 - 31. Tilgjengelig: [file:///C:/Users/bkj/AppData/Local/Microsoft/Windows/NetCache/Content.Outlook/YMVK07OW/Lika%20eller%20olika%20-%20Om%20r%C3%A4ttning%20av%20nationella%20prov%20i%20grundskolan%20och%20gymnasieskolan%20\(002\).pdf](file:///C:/Users/bkj/AppData/Local/Microsoft/Windows/NetCache/Content.Outlook/YMVK07OW/Lika%20eller%20olika%20-%20Om%20r%C3%A4ttning%20av%20nationella%20prov%20i%20grundskolan%20och%20gymnasieskolan%20(002).pdf)

Veum, Aslaug og Eilertsen, Anders (2019). Kritisk lesing av historiske saktekster. Fire vg3-elevers forståelse av en antisemittisk tekst. I Norsk læreren, nr. 1 (36 s.). Tilgjengelig: [http://www.norskundervisning.no/wp-content/uploads/2019/03/Vitenskapelig\\_artikkel.-Endelig-versjon.pdf](http://www.norskundervisning.no/wp-content/uploads/2019/03/Vitenskapelig_artikkel.-Endelig-versjon.pdf)

Valfritt pensum:

Ca. 100 sider em nerelevant, nyare forskingslitteratur knytt til det skoletrinnet studenten rettar seg inn mot etter avslutta studium. Det valfrie pensum et skal godkjennast av faglærer.

# LUMNOR40317 Språk og samfunn (Høst 2019)

## Fakta om emnet

**Studiepoeng:** 15

**Ansvarlig avdeling:** Fakultet for lærerutdanninger og språk

**Studiested:** Halden

**Emneansvarlig:** Karine Stjernholm

**Undervisningsspråk:** Sepkt. Undervisnings- og læringsformer

**Varighet:** ½ år

## Innholdsfortegnelse

- Emnet er tilknyttet følgende studieprogram
- Undervisningssemester
- Studentens læringsutbytte etter bestått emne
- Innhold
- Undervisnings- og læringsformer
- Arbeidsomfang
- Praksis
- Arbeidskrav - vilkår for å avlegge eksamen
- Eksamen
- Sensorordning
- Vilkår for ny/utsatt eksamen
- Evaluering av emnet
- Litteratur

## Emnet er tilknyttet følgende studieprogram

Obligatorisk emne i Masterstudium i norsk i skolen (120 studiepoeng) (heiltid og deltid).

Masterstudentar som har greidd trestudieår i 4-årig grunnskolelærerutdanning (GLU), etter rammeplan av 2010, kan søke om å få emnet innpassa som fjerde studieår og del av vitnemålsgrunnlaget for GLU etter nærare retningslinjer.

## Undervisningssemester

Heiltid: 1. semester (haust).

Deltid: 3. semester (haust).

## Studentens læringsutbytte etter bestått emne

## Kunnskap

Kandidaten

- har avansert kunnskap om talespråkleg variasjon
- har inngåande kunnskap om sosiolingvistisk teori og kan sjå regional språkvariasjon i lys av denne kunnskapen
- har god kunnskap om tilnærming til dialekt og talemålsvariasjon i undervisningssammenheng i norsk skole
- har avansert kunnskap om nordiske språkforhold, spesielt om ungdomsspråk i Norden

## Ferdigheiter

Kandidaten

- kan samle inn språkleg materiale og gjere grundige analysar av dette materialet
- kan analysere regionale og nordiske språklege data og vurdere resultat i lys av spørsmål om identitet og stad
- kan analysere sosiolingvistisk materiale av ulike slag og drøfte dette teoretisk og i eit undervisningsperspektiv

## Generell kompetanse

Kandidaten

- kan reflektere over korleis språkstudium kan nyttast didaktisk for å utvikle metaspråkleg medvit
- kan formidle kunnskap om talespråkleg variasjon og har kompetansen til å rettleie i allmenne og faglege spørsmål om dette
- er bevisst på korleis ein kan bruke språkvariasjon som ein ressurs i klasserommet for å styrke elevane sin språklege tryggleik og identitet

## Innhold

I dette emnet vil språk og språkleg variasjon bli sett i eit regionalt, nasjonalt og nordisk perspektiv. Studentane vil få ein solid teoretisk basiskunnskap som vil gjere dei i stand til å forstå lokal språkleg variasjon i lys av globale utviklingstrekk.

Gjennom sjølvstudium av regional variasjon, og gjennom innsikt i samanhengen mellom stad, språk og identitetsbygging gjennom heile livsløpet, skal dei kunne sette den lokale dialektsituasjonen i samheng med situasjonen elles i landet - og i Norden.

Eit sentralt mål i emnet vil vere å bevisstgjere studentane om at lærarrolla er viktig for å utnytte ressursane i elevane sin språklege variasjon som eit gode i skolen.

## Undervisnings- og læringsformer

Undervisningsspråket er norsk, svensk og dansk.

Det vil bli lagt opp til varierte undervisningsformer:

- Forelesingar
- Organisert gruppearbeid, skriftleg og munnleg
- Sjølvstudium og kollokviegrupper
- Studentpresentasjonar
- Datainnsamling/feltarbeid
- Arbeid med semesteroppgåve/rettleiing

Studentar som vel oppgåver der dei kan komme i kontakt med særleg sårbare grupper (barn/unge), må levere politiattest før dei går i gang med oppgåva. Sjå generell del av studieplanen.

## Arbeidsomfang

Emnet har eit forventa arbeidsomfang på om lag 400 timar.

## Praksis

Det er ikkje knytt praksis til studiet.

Masterstudentar som vil ha emnet innpassa som del av siste år i 4-årig grunnskolelærerutdanning (GLU) skal ha praksis i samsvar med rammeplanen for GLU.

## Arbeidskrav - vilkår for å avlegge eksamen

1. Individuell fagleg presentasjon for studentar eller kollegaer/feltarbeidsskolar, med refleksjonsnotat. Målform: bokmål eller nynorsk.
2. Prosjektbeskriving som gjer greie for korleis språkdata til semesteroppgåva (eksamensarbeidet) skal samlast inn og som formulerer problemstilling(ar) knytt til materialet. Språkdata kan samlast inn enten som feltarbeid i skolen, eller på annan måte. Datainnsamling kan skje i grupper, og skal skje i samråd med faglærer.

Nærmare informasjon om tema og opplegg for begge arbeidskrava blir gitt ved undervisningsstart.

Studenten vil få rettleiing og tilbakemelding frå faglærer og/eller medstudentar undervegs i arbeidet med datainnsamling og semesteroppgåve.

Arbeidskrava må vere godkjende før studenten kan framstille seg til eksamen.

## Eksamen

### Individuell semesteroppgåve

Semesteroppgåve er basert på data samla inn i arbeidskrav 2. Omfang: 10-15 sider. Målform: nynorsk.

Karakterregel: A-F.

## Sensorordning

Intern og ekstern sensor.

## Vilkår for ny/utsatt eksamen

Ved ny eller utsatt eksamen kan kandidaten bruke datamaterialet (arbeidskrav 2) om igjen.

## Evaluering av emnet

Tilbakemelding frå studentane midtvegs/undervegs og sluttevaluering.

## Litteratur

Litteraturlista er sist oppdatert 31. mai 2019.

#### Bøker

Boyd, Sally & Stina Ericsson (red.) (2015). Sociolinguistik i praktiken. Lund: Studentlitteratur. (kapittel 5 og 6). (40 sider)

Garrett, Peter (2010). Attitudes to language. Cambridge: Cambridge university press (257 sider)

Mæhlum, Brit (2007). Konfrontasjoner. Når språk møtes. Oslo: Novus. (221 sider)

Vikør, Lars (2001). The Nordic Languages. Their Status and Interrelations. Oslo: Novus (254 sider)

#### Artiklar og enkeltkapittel

Auer, Peter (2005). Europe's sociolinguistic unity, or: A typology of European dialect/standard constellations. I Perspectives on variation: Sociolinguistic, historical, comparative. Berlin/New York: de Gruyter. (7-42) (36 sider)

Blommaert, Jan (2010). Sociolinguistics of globalization. Cambridge University Press. (kap. 1) (1-28) (27 sider)

Bourdieu, Pierre (1977). The economics of linguistic exchanges. Social Science Information 16/6. (645-668) (23 sider)

Dalen, Arnold (1993). Ingeborg Hoff 1911-1993. Norsk lingvistisk tidsskrift 11(2).

Eckert, Penny (2012). Three waves of variation study. The emergence of meaning in the study of variation. (32 sider).

<http://web.stanford.edu/~eckert/PDF/ThreeWavesofVariation.pdf>

Gombert, Jean E. (1997). Metalinguistic development in first-language acquisition. Encyclopedia of language and education. Springer Netherlands. (43-51) (9 sider)

Jansson, Bent & Kolberg (2018). På sporet av Ingeborg Hoff. I Aasbrenn, Magne (red.). Aust i Vika. Årbok for Østfold Mållag. Fredrikstad: Kvitveisforlag, (20-42) (21 sider)

Johnstone, Barbara (2010). Indexing the local. I Coupland, Nikolas (red.). The handbook of language and globalization. Malden: Wiley-Blackwell. (386-405) (20 sider)

Jahr, Ernst H. (1992). Innhogg i nyare norsk språkhistorie. ("Bruk av dialektene i grunnskolen frå 1878 til i dag") (28-37) (10 sider)

Kristiansen, Tore (2013). Language attitudes in the Nordic countries. I Giles, Howard & Bernadette M. Watson. The social meanings of language, dialect and accent. International perspectives on speech styles. New York: Peter Lang. (64-83) (20 sider)

Mægaard, Marie & Pia Quist (2005). Etnografi, praksis og sproglig variation. Om etnografisk metode i udforskningen af sproglig variation som social praksis. I NyS33. København: Multivers. (42-73) (32 sider)

Melby, Guri (2008). Språk og symbolsk makt i Team Antonsen. Målbryting 9. (35-69) (32 sider)

Mæhlum, Brit (2009). Standardtalemål? Naturligvis! En argumentasjon for eksistensen av et norsk standardtalemål. I Norsk lingvistisk tidsskrift 1. (7-26) (19 sider)



Mæhlum, Brit (2009). Language and social spaces. I Auer, P. & Jürgen E. Smith Language and space: an international handbook of linguistic variation – 1 Theories and methods. De Gruyter Mouton. (259-274) (15 sider)

Mæhlum, Brit og Unn Røyneland (2011). ““Lasternes Hule” eller “Civilisationens Arnested”? Byens posisjon i norsk talemålsforskning”. I: Nordisk faget - tradisjon og fornying. Oslo: Novus. (69–96) (28 sider)

Nilson, Jenny (2009). Dialect change? Nordic Journal of Linguistics 32(02) (207-220) (14 sider)

Nilsson, Nils Erik & Björn Bihl (2007). Dialektarbeid i skolen – ett forsøk att öka den språkliga medvetenheten hos elevenna. I Arboe, Torben (red.). Nordisk dialektologi og sociolingvistik. Århus: Aarhus universitet. (294-303) (10 sider)

Røyneland, Unn (2009). Dialects in Norway: Catching up with the rest of Europe? International journal of the sociology of language 2009/196-197. (7-30) (24 sider)

Sandøy, Helge (2009). Standardtalemål? Ja, men ...! Norsk lingvistisk tidsskrift 1. (27-47) (30 sider)

Skolseg, Ellen (2000). «Vi snakker bare litt bredt.» Problemer som kan oppstå når lingvister og ikke lingvister skal snakke om språk. Målbryting 4. (s. 149-166) (18 sider)

Sollid, Hilde (2014). Hierarchical dialect encounters in Norway. Acta Borealia 31(2). (s. 111-130) (20 sider)

Stjernholm, Karine (2019). Variasjon som virkemiddel – hiphop, språkvalg og identitetskonstruksjon i Oslo. Norsk lingvistisk tidsskrift 37(1). (25–57) (27 sider)

Stjernholm, Karine & Ingunn I. Ims (2014). Om bruk av Oslo-testen for å undersøke oslomålet. Norsk lingvistisk tidsskrift 32(1). (100-129) (30 sider)

Stjernholm, Karine & Åshild Søfteland (u.u.) Mellom to stoler – det norske dialektlandskapet sett fra nedsida.

Svendsen, Bente A. (2012). Et språklig bakholdsangrep? Østfold I-ens innvalg i Oslo. I Enger, Hans Olav & Unn Røyneland (red.). Fra holtjær til holting. Språkhistoriske og språksosiologiske artikler til Arne Torp på 70-årsdagen. (17 sider)

Målføresynopsisen INL, Austfold, band 1. Tilgjengelig fra <http://inger.uib.no/perl/search/search.cgi>

Støttelitteratur:

Mæhlum, Brit & Røyneland, Unn (2012). Det norske dialektlandskapet. Innføring i studiet av dialekter. Oslo: Cappelen Damm Akademisk. Kapittel 1, Dialektologi og sociolingvistik: to tradisjoner som må sees i sammenheng, s. 13-23. (11 sider)

# LUMNOR40217 Vitskapsteori og forskingsmetode (Vår 2020)

## Fakta om emnet

**Studiepoeng:** 15

**Ansvarlig avdeling:** Fakultet for lærerutdanninger og språk

**Studiested:** Halden

**Emneansvarlige:** Barbro Bredesen Opset, Marcus Axelsson

**Undervisningsspråk:** Norsk

**Varighet:** ½ år

## Innholdsfortegnelse

- Emnet er tilknyttet følgende studieprogram
- Undervisningssemester
- Studentens læringsutbytte etter bestått emne
- Innhold
- Undervisnings- og læringsformer
- Arbeidsomfang
- Praksis
